

# Verksemdbasert vurdering

Innhald i skulebesøka



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



2017

# Forord

Våren 2017 tek vi fatt på første runde med skulebesøk i styringsperioden 2016-18. Styringsdokumentet og nasjonale føringar gir mål og rammer for tilstandsvurdering og utviklingsarbeid. Dei neste tre åra er det varsla omfattande endringar i læreplanverket for vidaregåande opplæring, og denne våren blir det også fatta vedtak om endringar i lovverket knytt til skulane si plikt til å sikre elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø. Vi meiner vi er godt førebudde til å føre dette arbeidet vidare i Hordaland. I styringsdokumentet gir den pedagogiske plattformen uttrykk for forventningar til korleis vi saman kan bidra til å sikre kollektiv profesjonalitet i arbeid med noverande og framtidige læreplanar. Det er elevene sitt læringsutbytte og rett til eit godt psykososialt miljø som skal utgjere kjernen i utviklingsarbeidet.

Sidan 2009 har det skjedd ei rivande utvikling når det gjeld tilgang på data om korleis skulane lykkast i arbeidet med å auke elevane sitt læringsutbytte og gjennomføring. Nye verktøy og store datamengder gir både skulane og skuleeigar eit godt grunnlag for resultatvurdering, men det stiller og nye krav til verktøy- og analysekompetanse. For å gi eit godt bilete av tilstanden blir det stadig viktigare å sjå ulike data i samanheng og sjå utvikling over tid. Skulane sine lærings- og gjennomføringsresultat, og skuleleiinga si involvering av tilsette i arbeid med tilstandsvurdering, vil vere eit sentralt tema i skulebesøka. Målet er at dialogen skal bidra til djupare forståing av sider ved skulen si verksemd og drøfte aktuelle utviklingsområde. Sjølv om det i denne styringsperioden ikkje er peikt på konkrete pedagogiske tiltaksområde, må det understrekast at skulane sin utviklingsplan skal byggje på ei heilskapleg vurdering av skulen sine resultat i lys av nasjonale og lokale styringsdokument.

Skulebesøka er ein viktig møtearena i fylkesdirektøren sin dialog med skulane. Kvaliteten på besøka blir styrka når det er sett av tid til felles drøfting og førebuing både på skule- og skuleeigarnivå. På sitt beste kan eit skulebesøk fungere som eit «stille rom» i ein hektisk kvardag, der vi frå kvar vår ståstad kan dele refleksjonar og vurderingar kring verksemda. Før- og etterarbeid bør difor ha høg prioritet. Dette blir ikkje mindre viktig når det i neste styringsperiode skal prøvast ut ei ordning med skulebesøk annakvart år.

Eg vil nytte høvet til å takke involverte på alle nivå for engasjement og innspel til korleis vi stadig kan utvikle arbeidet med kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling. Vi ser fram til å møte engasjerte medarbeidarar og elevar i skulebesøka våren 2017.

Bergen, 13. februar 2017

Svein Heggheim  
fylkesdirektør opplæring

# Grunnlagsdokument

- Styringsdokument frå fylkesdirektør opplæring (2016-2018)
- System for verksamdbasert vurdering og oppfølging av dei vidaregåande skulane (2013)
- Tilstandsrapport, vidaregåande opplæring 2015/16
- Skulen sin utviklingsplan for 2016/17
- Skulen sin tilstandsrapport 2015/16
- Anna dokumentasjon som ligg til grunn for det verksamdbaserte utviklingsarbeidet

## Organisering

### Møtetid:

Del 1:	Kl. 09.30-11.30
Pause:	Kl. 11.30-12.30
Del 2:	Kl. 12.30-14.00

	Del 1:	Del 2:
Møtedeltakarar	<p><b>Kl. 9.30-11.30</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulen si leiargruppe</li> <li>- Elevinspektør</li> <li>- 1-2 tillitsvalde</li> <li>- 2 elevrådsrepresentantar</li> <li>- Regionleiar</li> <li>- Rådgjevar frå seksjon skule</li> </ul> <p>Dei som deltek skal vere til stades under heile møtet.</p> <p>Dersom regionleiar eller rektor ynskjer å ha med fleire deltakarar, må desse ha ein funksjon i møtet.</p>	<p><b>Kl. 12.30-14.00</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Leiargruppa</li> <li>- Regionleiar</li> <li>- Rådgjevar frå seksjon skule</li> </ul>
Møteleiar	Regionleiar	Regionleiar
Møtetid	2 timar	Inntil 1,5 time
Referent	Skulen vel ein referent Vedlegg 1: Referatmal	Rådgjevar frå seksjon skule Vedlegg 2: Referatmal
Godkjenning av referat	Rektor og regionleiar	Rektor og regionleiar

# Datagrunnlag

Som eitt grunnlag for skulebesøka våren 2017, er det oppretta ein rapport i Hjernen og Hjertet til bruk for skulane og skuleeigar. Alle med skulebrukar har tilgang på rapporten. Rapporten er tilgjengeleg for skulane frå 24. februar.

Rapporten er meint som eit utgangspunkt for dialog mellom skuleeigar og skulane, og skal vere eit minste felles datasett som grunnlag for skulebesøka. Eit viktig element i skulebasert vurdering er likevel at rektor skal sørge for at skulen vurderer kva kjelder og data som skal danne grunnlag for den skulebaserte vurderinga. Det betyr at skulen sjølv sagt kan supplere eigen rapport med data, både med andre indikatorar og ved å gjere andre og/eller meir inngåande utval. Skuleeigar kan også i eiga førebuing gå nærare inn på gruppenivå om det er relevant.

## Program

### Del 1

Tid	Innhald
15. min.	A. Velkommen <ul style="list-style-type: none"> <li>• Velkommen og presentasjon av deltakarane v/rektor</li> <li>• Kort innleiing v/regionleiar</li> <li>• Gjennomgang av dagsorden v/representant frå seksjon skule</li> </ul>
90 min	B. Tilstandsvurdering <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kva fortel skulen sine resultat så langt i skuleåret? Innleiing v/skulen</li> <li>• Vidare prosessar fram mot tilstandsrapporten 2016/17</li> </ul>
	C. Utviklingsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis svarar utviklingsplanen på skulen sine utfordringar?</li> </ul>
15 min	D. Oppsummering

### Del 2

Tid	Innhald
1,5 time	E. Oppfølging av del 1 av skulebesøket i lys av skulen sine resultat
	F. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform
	G. Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa
	H. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

# Vedlegg 1



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

## Møtereferat skulebesøk (del 1)

Dato:

Emne:			
Til stades:			
Forfall:			
Møtetid:		Møtestad:	

**Møteleiar:**  
**Referent:**

### A. Mål med skulebesøket

### B. Tilstandsvurdering 2016/17

- Kva fortel skulen sine resultat så langt i skuleåret? Innleiing v/skulen
- Vidare prosessar fram mot tilstandsrapporten 2016/17

### C. Utviklingsarbeid

Korleis svarar utviklingsplanen på skulen sine utfordringar?

### D. Oppsummering

**Godkjent av:**  
Rektor:  
Regionleiar:

# Vedlegg 2



## Møtereferat skulebesøk (del 2)

Dato:

Emne:			
Til stades:			
Forfall:			
Møtetid:		Møtestad:	

**Møteleiar:**

**Referent:**

**A. Oppfølging av del 1 av skulebesøket i lys av skulen sine resultat**

**B. Skuleleiinga si rolle i arbeid med tilstandsvurdering og utvikling i lys av pedagogisk plattform**

**C. Drøfte val av strategiar og prosessar med heile leiargruppa**

**D. Prosess vidare og punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar**

i. Prosess vidare:

ii. Punkt til oppfølging i samtalen mellom rektor og regionleiar

**Godkjent av:**

Rektor:

Regionleiar:



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Februar 2017. Opplæringsavdelinga